

# 5-årig programevaluering for bachelorprogrammet i retorikk

## Innhald

<b>Krav til studietilbodet i UiBs system for kvalitetssikring av utdanningane.....</b>	<b>2</b>
Søklar- og studenttal.....	2
Gjennomføring, fråfall og kandidatproduksjon.....	2
Vurdering av læringsmiljø.....	2
<b>Krav til studietilbodet i Studietilsynsforskriften.....</b>	<b>2</b>
System for kvalitetssikring.....	2
Studentinvolvering.....	3
Studieplan.....	3
Nivå på læringsutbyttet.....	3
Namn.....	3
Læringsutbytte og infrastruktur.....	3
Oppbygging og infrastruktur.....	3
Undervisnings- og vurderingsformer.....	6
Fagleg innhald.....	6
Arbeidsomfang.....	7
Kopling til forskning.....	7
Internasjonalisering.....	7
Praksis.....	7
<b>Krav til fagmiljø i Studietilsynsforskriften.....</b>	<b>8</b>
Fagmiljøets storleik.....	8
Fagmiljøets utdanningsfaglege kompetanse.....	8
Fagleg leiing.....	8
Fagmiljøets fagspesifikke kompetanse.....	9
Internasjonalt og nasjonalt samarbeid.....	9
<b>Vedlegg.....</b>	<b>10</b>

## Krav til studietilbodet i UiBs system for kvalitetssikring av utdanningane

### Søkjar- og studenttal

Søkjar- og studenttala har vore nokolunde stabile dei siste 5 åra med i snitt 14 søkjarar møtt til semesterstart kvart år. Dei siste åra har me sett at antal studentar møtt til semesterstart har falle noko. Det er 15 studieplassar på programmet.

Studentane kjem frå heile Noreg, med overvekt av storbyane Oslo, Bergen, Stavanger og Trondheim.

*Se vedlegg 1: Søker- og studenttall<sup>1</sup>*

### Gjennomføring, fråfall og kandidatproduksjon

Programmet har ei tilrådd rekkjefølgje på spesialiseringsemna, og hausten 2019 oppretta me også eit tilrådd innføringsemne (RET100), der noko av tanken var at studentane skulle får møte sitt fag allereie i første semester.

Som ved dei fleste program ved HF slit me med for høgt fråfall. Truleg skuldast ein del av fråfallet også overgang til disiplinbaserte program. Dette gjeld særleg studentar som i løpet av bachelorstudiet vel å sikta seg inn mot eitt av dei eksisterande masterprogramma ved Humanistisk fakultet.

Me ser også at ein for stor del av programstudentane våre nyttar eitt eller fleire semester ekstra for å fullføre graden. Nokre av desse vel truleg å supplera dei frie studiepoenga i graden med emne som gjer dei kvalifiserte for ein bachelorgrad nummer to.

*Se vedlegg 2: Fullføring og fråfall*

### Vurdering av læringsmiljø

Programmet har ikkje hatt eit kontinuerleg aktivt Fagutval. På eit lite studieprogram, er student- og fagutvalsaktivitet endå meir avhengig av einskildstudentar enn på større program. At dei vidarekomne retorikkstudentane er spreidd på emne som dei tek i lag med studentar frå andre studieprogram, gjer samstundes at kontakten retorikkstudentane imellom er særleg avhengig av aktiv tilrettelegging. Til tider har fagutvalet gjort ein prisverdig innsats kva gjeld fagleg-sosialt miljø, med fagkveldar, talekonkurransar («retorikk-slam») og uformelle samkomer. FOF har støtta slike tiltak, også økonomisk.

Når det gjeld Studiebarometeret er svarprosenten noko låg, men dei åra den har vore tilstrekkeleg til å kunne føreslå tendensar ser me at programmet scorar over gjennomsnittet på fleire indeksar, og særleg høgt på «inspirasjon», «relevans» og «undervisning».

*Sjå vedlegg 3: Studiebarometeret*

## Krav til studietilbodet i Studietilsynsforskriften

### System for kvalitetssikring

§ 4-1 Krav til det systematiske kvalitetsarbeidet (3): Institusjonen skal ha ordninger for systematisk å kontrollere at alle studietilbud tilfredsstiller kravene i forskrift om kvalitetssikring og kvalitetsutvikling i høyere utdanning og fagskoleutdanning § 3-1 til § 3-4 og kapittel 2 i denne forskrift.<sup>2</sup>

---

<sup>1</sup> Alle studentdata i denne evalueringa er henta ut frå Tableau i tidsrommet nov.20 -jan 21

<sup>2</sup> Forskrift om tilsyn med utdanningskvaliteten i høyere utdanning (studietilsynsforskriften) kapittel 2 og 4:

[https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2017-02-07-137#KAPITTEL\\_2](https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2017-02-07-137#KAPITTEL_2)

[https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2017-02-07-137#KAPITTEL\\_4](https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2017-02-07-137#KAPITTEL_4)

Faget har innført lærarrapportar kvar gong et emne blir arrangert. Studentevalueringar førekjem noko meir sporadisk innanføre ein treåring rulleringsplan.

Lærarrapportane blir skrivne av emneansvarleg og presentert for programstyret.

I løpet av siste femårsperiode er ein del av emna i programmet blitt evaluert. Når det nye systemet for studiekvalitetssikring no er på plass, kjem emneevalueringa i fastare former. Merk samstundes at dei fleste emna i retorikkprogrammet òg høyrer til andre (disiplinbaserte) program, og dermed inngår i deira evaluerings- og kvalitetssikringssystem.

Hanne Roer, Københavns universitet, har vore ekstern fagfelle, og leverte ein større rapport i 2017, som peikte på ein del utfordringar for programmet, som til dels gjeld framleis. Eit hovudproblem er at studentane opplever programmet vert som fragmentert. Den viktigaste boteråden for dette må vera betre samordning basert på fagleg samarbeid mellom lærarar frå dei ulike emna. Her er det teke initiativ, i første omgang i samarbeid mellom den emneansvarlege for RET208/209 (FOF) og RET206 (LLE).

Otto Fischer, Uppsala, er førespurt og har takka ja til å ta over som ekstern fagfelle. Det er diverre ikkje skrivne kontrakt enno, så han er ikkje komen i gang med sitt arbeid.

## Studentinvolvering

Studentane møter vanlegvis med to representantar i programstyret. Studentane har òg uformell kontakt med programstyreleiar, og kjem ofte med konkrete og konstruktive framlegg. (Til dømes å ta inn PRAKTINF som valemne i retorikkprogrammet.)

## Studieplan

§ 2-1 Forutsetningar for akkreditering (2): [Informasjon om studietilbudet skal være korrekt, vise studiets innhold, oppbygging og progresjon samt muligheter for studentutveksling.](#)

Studieplanen for retorikk er tilgjengelig på nett, og endringer blir oppdatert automatisk via EPN. Mål for studiet, innhold og læringsutbytte er tydelig skissert. Studiets oppbygging, med inndeling i obligatoriske emne og spesialiseringsemne er satt opp punktvis, og studentar kan klikke seg inn på det enkelte punkt for detaljer om et spesifikt emne. Progresjonen i studieløpet er vist ved å tydeliggjere rekkefølgen de enkelte emnene må tas i.

Studieplanen for bachelorprogrammet i retorikk gjekk gjennom ei større revidering 2015-16. Dei viktigaste endringane var ei forenkling, ved at den «doble spesialiseringa» (i retorikk og ein av fagdisiplinane) gjekk ut, og at emnet RET250 Bacheloroppgåve i retorikk vart innført. Tidlegare måtte retorikkstudentane skriva bacheloroppgåve i tilknytning til eitt av dei disiplinbaserte valemna i spesialiseringa. Eit nytt valemne (RET202 Filosofi og retorikk) vart òg innført.

Nokre endringar på emnenivå har seinare skjedd på grunn av endringar i studieopplegga for samarbeidsfaga: Emnet RET101 *Retorikk* vart erstatta av emnet MEVI104 *Retorikk og strategisk kommunikasjon*. Emnet har i hovudsak same innhald og opplegg, men er tilpassa slik at det no òg er eit obligatorisk emne i bachelorprogrammet i medievitenskap. Emnet KUN208 *Visuell retorikk i antikk og mellomalder* vart i samband med ei revisjon av bachelorprogrammet i kunsthistorie erstatta av emnet KUN 209 *Kunst, retorikk og lærdomstradisjonar i før- og tidlegmoderne tid*. Emnet PRAKTINF vart teke inn som valemne for å styrka praksisorienteringa for studentar som ynskjer det.

Sidan hausten 2019 er emnet RET100 Innføring i retorikk tilrådd som førstesemesteremne i bachelorprogrammet i retorikk.

*Sjå vedlegg 4: Studieplan*

## Nivå på læringsutbyttet

§ 2-2 Krav til studietilbudet (1): Læringsutbyttet for studietilbudet skal beskrives i samsvar med Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk for livslang læring, og studietilbudet skal ha et dekkende navn.

Læringsutbyttet er i samsvar med kravene i NOKUT sitt Kvalifikasjonsrammeverk. Skildringa av læringsutbytte i studieplanen for Bachelorprogrammet i retorikk speglar dei allmenne krava til nivået på «første syklus – bachelor»:

### *Kunnskap:*

#### *Kandidaten*

*har brei kunnskap om sentrale omgrep, problemstillingar og metodar i retorisk teori og analyse  
har oversyn over hovudliner i utviklinga av den retoriske tradisjonen frå antikken til i dag  
har kjennskap til retorisk analyse og retorisk forskning i utvalde fag*

### *Dugleik:*

*Kandidaten kan reflektere over og arbeide sjølvstendig med retoriske problemstillingar, mellom anna nytte retoriske omgrep og fagspesifikk kunnskap på teoretiske og praktiske problemstillingar knytt til munnleg, skriftleg, visuell og multimodal kommunikasjon og formidling  
kan finne, vurdere og referere til kunnskap om retorikk på en fagleg relevant måte  
formidle og reflektere over retorisk formidling i ulike sjangrar, medium og situasjonar*

### *Generell kompetanse:*

#### *Kandidaten*

*kan nytte sin kombinasjon av retorikkemne og valfrie emne i vidare utdanning eller yrke  
kan kommunisere om viktige akademiske teoriar, problemstillingar og løysingar både skriftleg og munnleg  
kan drøfte relevansen av retorikken på tvers av fagområde og for aktuelle problemstillingar.*

## Namn

Studieprogrammet har hatt same namn (Bachelorprogram i retorikk) i hele perioden.

## Læringsutbytte og infrastruktur

§ 2-2 Krav til studietilbudet (4): Studietilbudets innhold, oppbygging og infrastruktur skal være tilpasset læringsutbyttet for studietilbudet.

## Oppbygging og infrastruktur

Etter gjennomført bachelorgrad i retorikk, er læringsutbyttet oppsummert i studieplanen, jamfør over.

Den trinnvise progresjonen som fører frem til dette utbyttet, er skissert i planene for det enkelte emnet som programmet er satt sammen av.

### *Første semester*

RET 100 Innføring i retorikk er tilrådd som førstesemesteremne (parallelt med ex.phil. og ex.fac.). Emnet gir ei innføring i kva retorikk er og korleis ein kan forstå munnleg og skriftleg språkbruk i eit retorisk perspektiv. Emnet gir oversikt over retorikken sin tradisjon og terminologi, og praktisk øving i å analysere talar og tekstar.

*Andre og tredje semester: Obligatoriske emne i spesialiseringa*

Spesialiseringsdelen inneheld tre emne som er obligatoriske for alle programstudentar. Etter tilrådd progresjon tek studentane MEVI 104 *Retorikk og strategisk kommunikasjon* og RET 102 *Klassisk retorikk* i andre semester, og RET 208 *Praktisk argumentasjon* i tredje semester.

MEVI 104 gir ei historisk og systematisk innføring i retorikk og strategisk kommunikasjon som generell medie-, kommunikasjons- og argumentasjonslære. Vi ser på slik kommunikasjon i forhold til kulturelle, historiske og situasjonelle omstende, og som konstruksjon av identitet. Vi drøftar forholdet til sjanger, medium og formidlingsmåtar. Vi ser på retorikk som argumentasjon, estetikk og etikk, og vi undersøker korleis forskjellige medier påverkar retorikk og strategisk kommunikasjon.

RET 102 Emnet gir ei innføring i den klassiske retorikken som språkbrukslære og som historisk og kulturelt fenomen i antikken. Ein får eit oversyn over retorikkteoretiske hovudverk. Studentane skal få grundig kjennskap til klassisk retorikk i både historisk og systematisk perspektiv. Emnet skal gje innsikt i retorikken som fagtradisjon og kulturell faktor i antikken og gjere studentane i stand til å sjå samanhengar mellom historisk-kulturell situasjon og utviklinga av teoretiske og didaktiske omgrep.

RET 208 gir ei innføring i klassisk og moderne retorikk og argumentasjonsteori kombinert med praktiske øvingar i å analysere og utarbeide argumentative tekstar. Føremålet med emnet er å gi studentane teoretisk forståing av kva argumentasjon er, kjennskap til sentrale teoriar om argumentasjon i klassisk og moderne tid, og modellar for korleis ein kan gå fram når ein skal analysere og vurdere argumentasjonen i både eigne og andre sine tekstar.

*Tredje til sjette semester: Valemne i spesialiseringa*

Spesialiseringsdelen gjev vidare høve til fordjuping ved at studentane vel to av følgjande emne:

- KUN 209 Kunst, retorikk og lærdomstradisjonar i før- og tidlegmoderne tid
- MEVI 203 Medieretorikk
- RET 202 Filosofi og retorikk
- RET 205 Nordisk retorikk
- RET 206 Litteraturvitskapleg retorikk
- PRAKTINF Praktisk informasjonsarbeid

Dei fem første er knytt til dei ulike faga som har del i programmet. Dette er typisk emne der tematisk fokus kan variera frå semester til semester. PRAKTINF er bygd opp rundet ein praksiskomponent.

KUN 209 er eit teori-emne som skal gi ei fordjuping i kunst, retorikk og lærdomstradisjonar i før- og tidlegmoderne tid i eit historisk perspektiv. Tema som vert tekne opp er m.a. tilhøvet mellom historisk visuell kultur og retorisk teori, bilete og kunnskapsdanning, kunst (ars/tekhne) som kunnskap og kulturforståing.

MEVI 203 gjev studentane historisk og teoretisk innsikt i tilhøvet mellom retorikk, sjangrar, media og kommunikasjonsteknologiar og å gjere studentane i stand til å analysere døme på retorikk med tanke på korleis sjangrar, media og kommunikasjonsteknologiar har innverknad på og samverkar med retorikken sitt innhald, form og funksjon.

RET 202 Rommar både historiske og tematiske innfallsvinklar knytt til mellom anna kulturfilosofi, didaktikk, pedagogisk filosofi, språk- og kommunikasjonsteori, religionsfilosofi og estetikk. Emnet skal gi ei orientering i relevante tema i aktuell forskning. Studentane skal få øving i drøfting og framstilling både av filosofiske problemstillingar ved retorisk teori og praksis og av retoriske aspekt ved filosofiske tekstar og tema.

RET 205 Tek for seg historiske og systematiske aspekt ved retorikken innanfor nordiskfaget. Retorikken fokuserer på litteratur som kommunikasjon i eit samspel mellom avsendar, verk og mottakar. Kurset vil ha

vekslande innhald. Dels vil ein fokusere på retorikken i produksjon og resepsjon av litteratur. Men nordiskfaget sin eigen retorikk, til dømes innan litteraturhistorieskriving, vil òg vere eit tema. Det vil vere viktig å utvikle evna til å nytte retoriske omgrep på analysedøme.

RET 206 Litteraturvitskapleg retorikk gir studenten fordjupande innsikt i eit problemområde i retorikken. Gjennom studiet får studenten ei grundig forståing for eit avgrensa felt i litteraturvitskapleg retorikk. Fordjupingstema varierer, avhengig av undervisningskreftene som er tilgjengelege, og av aktuell forskning.

RET 209 gir ei innføring i interkulturell kommunikasjon i eit retorisk perspektiv. Ein får kjennskap til studiet av interkulturell kommunikasjon og korleis det er relatert til andre kulturfag og til utviklinga av det nye fagfeltet «komparativ retorikk». Ein får innblikk i retorisk teori og praksis, og i faglege utfordringar knytt til studiet av ikke-vestleg retorikk.

PRAKTINF gjev studentane trening i å arbeide med praktiske kommunikasjons- og informasjonsoppgåver, og teoretisk og metodisk innsikt i korleis kommunikasjonsarbeid kan foregå. Praksisen blir lagd til private verksemder, offentlege kontor og institusjonar, eller til prosjekt ved UiB knytt til emnestudiet.

### *Bacheloroppgåve i retorikk*

Spesialiseringa vert normalt avslutta med emnet RET250 Bacheloroppgåve i retorikk, der studentane arbeider sjølvstendig saman med faglærar/rettleiar med eit nærare avgrensa tema. Arbeidet med bacheloroppgåva skal gje høve til fordjuping i retorisk analyse og teori i historisk og/eller aktuelt perspektiv. Ved byrjinga av semesteret vert det halde eit intensivseminar med vekt på teori og metode. I tillegg kjem ei arbeidssamling for drøfting av oppgåveutkast i løpet av semesteret.

(Ordninga der studentane skreiv bacheloroppgåve i tilknytning til eitt av valemna, som hang att frå den tida då programmet gav ei dobbel spesialisering, er under utfasing.)

I sum fører progresjonen fra semester til semester, som skissert overfor, frem til den naturlige konklusjonen som er uttrykt om læringsutbyttet etter oppnådd bachelorgrad i retorikk.

## Undervisnings- og vurderingsformer

§ 2-2 Krav til studietilbudet (5): [Undervisnings-, lærings- og vurderingsformer skal være tilpasset læringsutbyttet for studietilbudet. Det skal legges til rette for at studenten kan ta en aktiv rolle i læringsprosessen.](#)

Gjennom studieløpet vil studentane ved retorikkprogrammet møta eit spekter av ulike undervisningsformer, med hovudvekt på seminarundervisning der det vert stilt klåre forventningar om aktiv deltaking frå studentane i form av gruppearbeid, presentasjonar, deltaking i diskusjonar og liknande. Nokre av har lagt inn medstudentrespons på oppgåver som tilrådd eller obligatorisk arbeidskrav. Vurderingsformene er òg varierte: Heimeeksamen (KUN 209, MEVI 203, RET 205), heimeeksamen+ prosjektoppgåve (PRAKTINF), semesteroppgåve (RET 202, RET 209) og prøveforelesing (RET 206)

## Faglig innhold

§ 2-2 Krav til studietilbudet (2): [Studietilbudet skal være faglig oppdatert og ha tydelig relevans for videre studier og/eller arbeidsliv.](#)

Dei obligatoriske emna i spesialiseringa gjev samla sett eit retorikkfagleg fundament. Valemna gjev fordjuping, og er dessutan knytt til aktuelle problemstillingar – både i dei akademiske faga og i kultur og samfunn. Dei kunnskapane og ferdigheitene studentane tileignar seg, vil ha både direkte og indirekte relevans for arbeid i til dømes media og kommunikasjon, organisasjonsarbeid og kulturinstitusjonar. Generelt sett gjev retorikkstudiet eit godt teoretisk og praktisk fundament for å søkja arbeid der det vert lagt vekt på gode evner i munnleg og skriftleg framstilling.

Særleg arbeidet med bacheloroppgåva gjev studentane høve til sjølv å velja ei fordjuping som rettar seg inn mot vidare studiar og arbeidsliv. Kva slag arbeid og/eller vidare studiar ein bachelorgrad i retorikk gjev grunnlag for, er òg avhengig av kva dei frie studiepoenga vert nytta til.

Avslutta bachelorgrad i retorikk gjev formelt grunnlag for å ta ein mastergrad i retorikk – men i så fall ved ein annan institusjon enn UiB. Men vel å merka gjev bachelorgraden også grunnlag for opptak på masterprogramma i medievitskap eller filosofi ved UiB, føreset at kandidaten har 60 studiepoeng i høvesvis medievitskap eller filosofi.

## Arbeidsomfang

§ 2-2 Krav til studietilbudet (3): Studietilbudets samlede arbeidsomfang skal være på 1500–1800 timer per år for heltidsstudier.

Studiet regnes som arbeidskrevende, mellom anna av di mange av emna har relativt omfattande og/eller avansert pensumlitteratur.

## Kopling til forskning

§ 2-2 Krav til studietilbudet (6): Studietilbudet skal ha relevant kobling til forskning og/eller kunstnerisk utviklingsarbeid og faglig utviklingsarbeid.

Spesialiseringa i retorikk har eit stort innslag av emne som er direkte forskingsbaserte, på den måten at tema frå semester til semester er knytt til aktuelle forskingsproblemstillingar, der lærarane underviser i tema tett opp til eiga forskning.

## Internasjonalisering

§ 2-2 Krav til studietilbudet (7): Studietilbudet skal ha ordninger for internasjonalisering som er tilpasset studietilbudets nivå, omfang og egenart.

§ 2-2 Krav til studietilbudet (8): Studietilbud som fører fram til en grad, skal ha ordninger for internasjonal studentutveksling. Innholdet i utvekslingen skal være faglig relevant.

Programmet har for tida ikkje eigne utvekslingsavtalar med retorkmiljø ved utanlandske universitet. 4. og 5. semester satt av til utvekslingsopphald, for dei som ønskjer det.

Studentane kan då velje blant Universitetet i Bergen sine avtaler i heile verda, anten for å studere innan spesialiseringane i programmet, eller for å ta frie studiepoeng i graden. Emna må førehandsgodkjennast av UiB. Endeleg godkjenning blir vurdert etter søknad etter endt opphald.

## Praksis

§ 2-2 Krav til studietilbudet (9): For studietilbud med praksis skal det foreligge praksisavtale mellom institusjon og praksissted.

§2-3 Krav til fagmiljø (7): For studietilbud med obligatorisk praksis skal fagmiljøet tilknyttet studietilbudet ha relevant og oppdatert kunnskap fra praksisfeltet. Institusjonen må sikre at praksisveilederne har relevant kompetanse og erfaring fra praksisfeltet.

Bachelorprogrammet har ikkje obligatorisk praksis for andre enn dei som vel PRAKTINF som eitt av valemna. Dette er eit veletablert og solid emne der praksisen blir lagd til private verksemder, offentlege kontor og institusjonar, eller til prosjekt ved UiB knytt til emnestudiet.

## Krav til fagmiljø i Studietilsynsforskriften

### Fagmiljøets storleik

§ 2-3 Krav til fagmiljø (1): Fagmiljøet tilknyttet studietilbudet skal ha en størrelse som står i forhold til antall studenter og studiets egenart, være kompetansemessig stabilt over tid og ha en sammensetning som dekker de fag og emner som inngår i studietilbudet.

§ 2-3 Krav til fagmiljø (4): Minst 50 prosent av årsverkene tilknyttet studietilbudet skal utgjøres av ansatte i hovedstilling ved institusjonen. Av disse skal det være ansatte med førstestillingskompetanse i de sentrale delene av studietilbudet. I tillegg gjelder følgende krav til fagmiljøets kompetansenivå:

a) For studietilbud på bachelorgradsnivå skal fagmiljøet tilknyttet studiet bestå av minst 20 prosent ansatte med førstestillingskompetanse.

b) For studietilbud på mastergradsnivå skal 50 prosent av fagmiljøet tilknyttet studiet bestå av ansatte med førstestillingskompetanse, hvorav minst 10 prosent med professor- eller dosentkompetanse.

c) For studietilbud på doktorgradsnivå skal fagmiljøet tilknyttet studiet bestå av ansatte med førstestillingskompetanse, hvorav minst 50 prosent med professor- eller dosentkompetanse.

For mastergradsstudier: § 3-2 Akkreditering av mastergradsstudier i Forskrift om kvalitetssikring og kvalitetsutvikling i høyere utdanning og fagskoleutdanning

(2) Mastergradsstudiet skal ha et bredt og stabilt fagmiljø som består av tilstrekkelig antall ansatte med høy faglig kompetanse innenfor utdanning, forskning eller kunstnerisk utviklingsarbeid og faglig utviklingsarbeid innenfor studietilbudet. Fagmiljøet skal dekke fag og emner som studietilbudet består av. De ansatte i fagmiljøet skal ha relevant kompetanse.

(3) Fagmiljøet skal kunne vise til dokumenterte resultater på høyt nivå og resultater fra samarbeid med andre fagmiljøer nasjonalt og internasjonalt. Institusjonens vurderinger skal dokumenteres slik at NOKUT kan bruke dem i arbeidet sitt.

Då bachelorprogrammet i retorikk er tverrinstitusjonelt så vel som tverrfakultært trekk det undervisningsressursar frå mange institutt. Programeigar (FoF) har 2-3 frå den vitskaplege staben som jobbar med programmet.

Som nemnt over vert undervisninga i retorikk stort sett dekt inn av faglærarar som er tilsett i dei ulike disiplinane som inngår i programmet, og slik sett er bemanningssituasjonen akseptabel. Men, med tanke på vidareutvikling av programmet (og av retorikk som fagfelt ved HF), ville det sjølvstøtt vera ynskjeleg med ei dedikert stilling i retorikk (eventuelt med tilknytning til eitt av disiplinfaga). Før det eventuelt kan koma på plass, ville det vera ynskjeleg å styrka samordninga av retorikkprogrammet med ein fagleg koordinator i 20-40% stilling.

### Fagmiljøets utdanningsfaglige kompetanse

§ 2-3 Krav til fagmiljø (2): Fagmiljøet tilknyttet studietilbudet skal ha relevant utdanningsfaglig kompetanse.

Undervisninga vert gjeve av solid etablerte fagmiljø ved dei involverte institutta. Ved FoF har samtlege som underviser fullført UPED.

### Faglig leiing

§ 2-3 Krav til fagmiljø (3): Studietilbudet skal ha en tydelig faglig ledelse med et definert ansvar for kvalitetssikring og -utvikling av studiet.

Programmet har til eikvar tid ein programstyreleiar som også er programkoordinator. Vervet går på rundgang ca. kvart fjerde år. Programstyreleiar utfører oppgåvene som spesifisert i kvalitetssystemet og i instituttreglementet. Programstyreleiar jobbar i samråd med studiekonsulent og studieleiar, og har jamn kontakt med instituttleiar. Programstyret i retorikk har møter ein til to gongar pr semester, alt etter behov/saksmengde. Alle programmet sine emne har ein emneansvarleg. Programmet har sidan ordninga blei innført hatt ekstern programsensor fire år av gangen. Siste skifte av programsensor skjedde i 2020, då



funksjonen endra namn til ekstern fagfelle, men grunna rådande omstendigheiter er ikkje kontrakten formalisert enno. Me tek sikte på å få dette på plass i løpet av vårsemesteret 2021.

### Fagmiljøets fagspesifikke kompetanse

§ 2-3 (5): Fagmiljøet tilknyttet studietilbudet skal drive forskning og/eller kunstnerisk utviklingsarbeid og faglig utviklingsarbeid og skal kunne vise til dokumenterte resultater med en kvalitet og et omfang som er tilfredsstillende for studietilbudets innhold og nivå.

Faglærarane er i all hovudsak tilsette i førsteamanuensis/professorstillingar i dei respektive disiplinane, og høyrer til solide forskingsmiljø.

### Internasjonalt og nasjonalt samarbeid

§ 2-3 (6): Fagmiljøet tilknyttet studietilbud som fører fram til en grad, skal delta aktivt i nasjonale og internasjonale samarbeid og nettverk som er relevante for studietilbudet.

Dei ulike fagmiljøa som bidreg til retorikkprogrammet er alle involvert i nasjonale og internasjonale nettverk med utgangspunkt i sine disiplinane og forskingsmiljø.

Programmet v/programstyreleiar og professor Jens Kjeldsen (Infomedia) tek og del i nettverket for retorikkutdanningar i Norden som ble etablert under den 6. Nordiske konferansen for retorisk forskning i Aarhus 2017.

Retorikkmiljøet i Bergen, ved programstyreleiar Hans Marius Hansteen, arrangerte i 2019 den 7. Nordiske konferansen for retorisk forskning.

# Vedlegg

## Vedlegg 1: Søker- og studenttall

Velg studieprogram her!

BAHF-RET Bachelorprogram i retorikk

### Søker- og studenttall


#### Søking og opptak

Studieprogram	Årstall	Termin	Studieplasser	1.prioritet	1. pri søker per studieplass	Fått tilbud	Svart ja	Registrert	Andel registrert av tilbud	Årstall
										Multiple values
BAHF-RET Bachelorprogram i r..	2016	HØST	20	19	1,0	30	17	16	53,3%	Termin
	2017	HØST	15	17	1,1	28	21	17	60,7%	HØST
	2018	HØST	15	17	1,1	43	19	14	32,6%	STUDIERETNINGNAVN_B..
	2019	HØST	15	14	0,9	27	14	12	44,4%	All
	2020	HØST	15	12	0,8	32	13	11	34,4%	Kjønn
										All

#### Poenggrense

Studieprogram	Årstall	Termin	Registrert		Kvot		Min. Poenggrense		OPPTAKSTYPEKODE
			Ordkvot	Ukjent	Ordkvot	Ukjent	Ordkvot	Ukjent	All
BAHF-RET Bachelorprogram i retorikk	2016	HØST	15	1	0,00				CAMPUSKODE
	2017	HØST	17	0	0,00				All
	2018	HØST	13	1	0,00				MOTTSTATUS
	2019	HØST	12	0	0,00				All
	2020	HØST	10	1	0,00				

#### Antall startende




## Vedlegg 2: Fullføring og fråfall

Velg studieprogram her!

BAHF-RET Bachelorprogram i retorikk

### Antall studenter - fullføring og frafall


Antall studenter




Kvalifikasjoner og utveksling

År	Antall kvalifikasjoner	Antall kvalifikasjoner med utveksling	Andel kvalifikasjoner med utveksling
2017	10	1	10,0%
2018	7	0	0,0%
2019	7	0	0,0%

Andel studenter som fullfører en grad



Andel frafall




Utreisende utvekslingsstudenter med avtale

Studieprogram	Årstall		Land	Utreisende utvekslingsstudenter med avtale	Utreisende utvekslingsstudenter med avtale
	fra	til			
BAHF-RET Bachelorprogram i retorikk	2016	2016	GB Storbritannia og Nord-Irland	1	Årstall fra Multiple values
			FR Frankrike	1	Årstall til Multiple values
	2018	2018	DK Danmark	1	Kjønn All

Beståtte studiepoeng

Årstall	Termin / Studieprogram					
	VÅR			HØST		
	Studiepoeng	Aktive	Beståtte studiepoeng per stu...	Studiepoeng	Aktive	Beståtte studiepoeng per st...
2017	665,0	31	21,45	605,0	32	18,91
2018	545,0	27	20,19	400,0	30	13,33
2019	410,0	26	15,77	415,0	27	15,37
2020	395,0	21	18,81	350,0	23	15,22

## Vedlegg 3: Studiebarometeret



# Studieplan for BAHF-RET Retorikk, bachelor, 3 år, vår 2021

## Namn på grad

Bachelor i retorikk

## Undervisningsspråk

Til vanleg norsk. Sjå emneskildringane for kvart enkelt emne.

## Mål og innhald

Bachelorprogrammet i retorikk er eit tverrfagleg studium som gir ei historisk og systematisk innføring i retorikken som generell, praktisk fundert kommunikasjons- og argumentasjonslære.

Studiet gjer kjent med sentrale omgrep og teoriar i og om retorikk, den klassiske retorikken og utviklinga av den europeiske retoriske tradisjonen. Sentrale tema er til dømes retoriske sjangrar, medium og framstillingsmåtar, og tilhøvet mellom retorikk, argumentasjon, etikk og estetikk. Gjennom studiet får studentane innsikt og øving i retorisk analyse og evaluering av ulike tekstformer og sjangrar.

Studiet gjev høve til fordjuping i ulike fagretningar: Filosofi, klassiske fag, kunsthistorie, litteraturvitskap, medievitskap og nordisk.

## Læringsutbyte

Kandidaten skal ved avslutta program ha følgjande læringsutbyte definert i kunnskapar, dugleikar/ferdigheiter og generell kompetanse:

### Kunnskap:

Kandidaten

- har brei kunnskap om sentrale omgrep, problemstillingar og metodar i retorisk teori og analyse
- har oversyn over hovudliner i utviklinga av den retoriske tradisjonen frå antikken til i dag
- har kjennskap til retorisk analyse og retorisk forskning i utvalde fag

### Dugleik:

Kandidaten kan reflektere over og arbeide sjølvstendig med retoriske problemstillingar, mellom anna

- nytte retoriske omgrep og fagspesifikk kunnskap på teoretiske og praktiske problemstillingar knytt til munnleg, skriftleg, visuell og multimodal kommunikasjon og formidling
- kan finne, vurdere og referere til kunnskap om retorikk på en faglig relevant måte
- formidle og reflektere over retorisk formidling i ulike sjangrar, medium og situasjonar

### Generell kompetanse:

Kandidaten

- kan nytte sin kombinasjon av retoriikkemne og valfrie emne i vidare utdanning eller yrke
- kan kommunisere om viktige akademiske teoriar, problemstillingar og løysingar både skriftleg og munnleg
- kan drøfte relevansen av retorikken på tvers av fagområde og for aktuelle problemstillingar.

### Opptakskrav

Generell studiekompetanse.

### Innføringsemne

Det første semesteret av bachelorprogrammet i retorikk skal innehalde Examen philosophicum og minst eitt Examen facultatum-emne.

Desse emnene er tilrådde i programmet

- [EXPHIL-HFSEM](#) Examen philosophicum (10 stp.)
- [EXFAC00AS](#) Akademisk skriving (10 stp.)

Bachelorgraden kan innehalde maksimalt 10 studiepoeng Examen philosophicum og maksimalt 20 studiepoeng Examen facultatum.

### Spesialisering

Bachelorprogrammet i retorikk skal innehalde ei fagleg spesialisering i retorikk på 90 studiepoeng (1 ½ år). Spesialiseringa er sett saman av tre obligatoriske emne på til saman 45 studiepoeng og tre valemne på til saman 45 studiepoeng. Eitt av valemna skal ha bacheloroppgåve som vurderingsform.

Dei obligatoriske emna er:

- [MEV1104](#) Retorikk og strategisk kommunikasjon (15 stp)
- [RET102](#) Klassisk retorikk (15 stp)

- [RET208](#) Praktisk argumentasjon (15 stp)

Valemne:

- [RET100](#) Innføring i retorikk (10 stp.)
- [RET202](#) Filosofi og retorikk (15 stp) eller [RET252](#) Filosofi og retorikk med bacheloroppgåve (15 stp)
- [RET205](#) Nordisk retorikk (15 stp) eller [RET255](#) Nordisk retorikk med bacheloroppgåve (15 stp)
- [RET206](#) Litteraturvitskapleg retorikk (15 stp)
- [RET209](#) Retorikk og interkulturell kommunikasjon (15 stp)
- [KUN209](#) Kunst, retorikk og lærdomstradisjonar i før- og tidlegmoderne tid (15 stp)
- [MEVI203](#) Medieretorikk (15 stp) eller [MEVI203B](#) Medieretorikk - bacheloroppgåve (15 stp)
- MEVI307 Visuell retorikk (15 stp)
- [RET250](#) Bacheloroppgåve i retorikk (15 stp)
- [PRAKTINF](#) Praktisk informasjonsarbeid (15 stp)

Også i emnet MEVI307 kan studentane velje å skrive bacheloroppgåve (sjå emneplanen for meir informasjon).

### Tilrådde valemne

Det er tilrådd at studenten tar emnet [RET100](#) i sitt første semester.

Studenten kan, i tillegg til spesialiseringa, velje emne innafor andre fag som er relevante for studenten sine yrkesplanar eller vidare utdanning. Ein grad har normalt 60 frie studiepoeng (70 dersom studenten berre har 10 studiepoeng ex.fac).

Emne frå samarbeidsfaga filosofi, klassiske fag, kunsthistorie, litteraturvitskap, medievitskap eller nordisk vil stø opp under spesialiseringa i retorikk. Sjå også «Grunnlag for vidare studium».

### Rekkefølge for emne i studiet

Tilrådd progresjon i studiet:

- 1. semester (haust): Ex.phil. og ex.fac. og [RET100](#)
- 2. semester (vår): [MEVI104](#) og [RET102](#)
- 3. semester (haust): [RET208](#) og valemne i retorikk
- 4. semester (vår): Frie studiepoeng
- 5. semester (haust): Frie studiepoeng
- 6. semester (vår): Valemne i retorikk og valemne i retorikk med bacheloroppgåve.

### Delstudium i utlandet

Ein kan ta delar av bachelorutdanninga som utvekslingsstudent i eit anna land. Du kan velje blant Universitetet i Bergen sine avtaler i heile verda, anten for å studere innan spesialiseringane i programmet, eller for å ta frie studiepoeng i graden. Emna må førehandsgodkjennast av UiB.

### **Arbeids- og undervisningsformer**

Bachelorprogrammet omfattar ulike undervisningsformer; til dømes forelesingar, seminar og individuell rettleiing.

Sjå emneplanen for det einskilde emnet.

### **Vurderingsformer**

Gjennom programmet blir studentane prøvd på ulike måtar, til dømes ved mappevurdering, skuleeksamen, heimeeksamen, rettleia oppgåve og munnleg prøve.

Sjå emneplanen for det einskilde emnet.

### **Karakterskala**

Ved sensur av emna i programmet kan det bli nytta ein av to karakterskalaer:

- 1) A-F, der F er stryk
- 2) Greidd/ikkje greidd

Sjå emneplanen for det einskilde emnet.

### **Grunnlag for vidare studium**

Universitetet i Bergen tilbyr per i dag ikkje mastergrad i retorikk. Studentar som har ein bachelorgrad i retorikk frå Universitetet i Bergen kan søkje opptak til ein mastergrad ved andre lærestader, til dømes ved Universitetet i Oslo eller Københavns Universitet.

Nokre kombinasjonar av spesialiseringsemne og frie studiepoeng kan gi grunnlag for opptak til masterprogram ved Universitetet i Bergen. Kontakt studierettleiar for meir informasjon.

### **Relevans for arbeidsliv**

Bachelorprogrammet i retorikk gir både generelle allmennkunnskapar som kan nyttast i ei rekkje yrkesmessige samanhengar og spesialkunnskap innan formidling og kommunikasjon. Studiet gir allmenn kompetanse i å analysere og vurdere argumenterende og kommunikativ språkbruk. Dette er kunnskap og kompetanse som er nyttig innan offentlig forvaltning, informasjons- og kommunikasjonsarbeid, undervisning, reklame, journalistikk med meir.



Ved påbygging til mastergrad får studenten kvalifikasjonar for forskning, formidling og undervisning på høgare nivå.

### **Evaluering**

Programmet blir kontinuerleg evaluert av programsensor, i tråd med retningslinene for kvalitetssikring ved UiB.

Evaluering av enkeltemne som inngår i kursdelen, er omtala i emneplanane.

### **Programansvarleg**

Programstyret for retorikkprogrammet har ansvar for fagleg innhald, oppbyggjing av studiet og kvaliteten på studieprogrammet.

Programstyret er sett saman av representantar for samarbeidsinstitutta ved UiB: Institutt for filosofi og førstesemesterstudium, Institutt for informasjons- og medievitskap og Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium.

Programansvarlig/leder av programstyret: Hans Marius Hansteen (Institutt for filosofi og førstesemesterstudium) Kontakt: [hans.hansteen@uib.no](mailto:hans.hansteen@uib.no)

### **Administrativt ansvarleg**

Institutt for filosofi og førstesemesterstudium

E-post: [studierettleiar@fof.uib.no](mailto:studierettleiar@fof.uib.no)